Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Tone Bøyum / 55516792 | 18/186253-2 | 18/2158 - 18/25225 | 30.08.2018 |

# Uttale - Dispensasjon frå kommuneplan - Frådeling - Fv. 415 - gnr. 108 bnr. 2 - Veråsvegen 91 - Lindås kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 24.08.2018.

Lindås kommune ber om uttale til søknad om deling av grunneigedom gnr. 108 bnr. 2. Parsellen er bygd med våningshus og fleire andre bygg.

Eigedomen ligg i eit område som er avsett til byggjeområde for bustader jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås. Tiltaket treng dispensasjon frå plankrav og byggjeforbod i strandsona.

Det kjem av plan og bygningslova § 27-4 at avkøyrsle frå offentleg veg skal vere godkjent av vedkommande myndigheit før det vert gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom.




*Situasjonskart*

Eigedomen består av fleire åtskilte teigar. Parsellen som er søkt frådelt har påståande våningshus. Det er allereie etablert avkøyrsle frå offentleg veg. Så lenge det ikkje vert søkt om endra eller utvida bruk av avkøyrsla er det ikkje behov for eit nytt løyve.

Region vest, plan og forvaltning
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*